

ÅRSMELDING 2021

FOLGEFONNA NASJONALPARKSTYRE



Vårsol i Bjørndalstindane

(foto: Astrid Bakke Haavik).

Innhald

1. Generelt.....	3
2. Styret	3
Møter.....	3
3. Saker	3
4. Tiltak og drift	4
Oversikt over tiltak 2021	4
5. Nasjonalparkforvaltar	6

1. Generelt

Folgefonna nasjonalpark og dei fire tilgrensande landskapsvernområda, Bondhusdalen, Ænesdalen, Hattebergsdalen og Buerdalen, vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 29. april 2005. Verneområda omfattar frå 2020 dei tre kommunane Etne, Kvinnherad og Ullensvang. Det verna arealet er til saman 599 km², og av dette utgjer nasjonalparken 545 km². I tillegg har styret forvaltningsmynde for Langebudalen naturreservat i Etne kommune, på 17 dekar.

2. Styret

Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Det vart konstituert nytt styre for Folgefonna nasjonalparkstyre 26. mars 2020 (ST 2/20). Hans Inge Myrvold gjekk over til Stortinget i november 2021 og Hilde Enstad vart vald inn som nytt medlem og Leif Sverre Enes som vara for henne.

Folgefonna nasjonalparkstyre 2020-2023			
	Medlem		Personleg vara
Hordaland fylkeskommune	Sigrid Brattabø Handegard	Leiar	Terje Kollbotn
Kvinnherad kommune	Hilde Enstad	Nestleiar	Leif Sverre Enes
Etne kommune	Mette Heidi Bergsvåg Eikreim		Kenneth Lyng Karlsen
Ullensvang kommune	Jarle Vangen		Kjellaug H. Samland

Møter

Under viser møtene i nasjonalparkstyret i 2021. Det har vore fleire digitale møte enn vanleg i år.

	Dato	Tema
1/21	19.01.2021	Digitalt
2/21	16.03.2021	Digitalt
3/21	24.03.2021	Digitalt
4/21	09.06.2021	Eljarvik Gard, Etne
5/21	07.10.2021	Folgefonnsenteret
6/21 + Rådgevande utval	06.12.2021	Odda



Figur 1: Etter styremøtet i Eljarvik fekk vi ein båttur frå Fjæra til Mosnes

3. Saker

Desse sakene vart handsama av styret i 2021.

Sakene er fordelt i ulike kategoriar. Motorferdsel og dronesaker er skilt ut som eigen kategori sidan dette er den største søknadsmengda. Administrative saker for styret inneber alt frå konstituering til godkjenning av innkalling og dagsorden. Ressursar er styret sine sakar som gjeld tiltaksmidlar og bestilling frå SNO.

Type	Saker	Dispensasjonar og andre søknader	Motorferdsel og drone	Adm	Ressursar	Planar og høyringar
Styresak	46	6	3	28	8	1
Delegert vedtak	25	3	22			
Referatsaker	12	5		2	1	4

Besøksstrategi:

Forvaltar har i samarbeid med besøkssenteret arbeidd med å konkretisere tiltaka i besøksstrategien gjennom ein kommunikasjonplan. Føremålet med denne planen er å samkøyre all informasjon vi gir til besøkande på nett og i fysiske informasjonstiltak. Planen skal koordinere alle aktørar som kommuniserer under merkevara.

Uttak av gran og framande bartretypar i verneområda:

Norskog har kartlagt gran og andre framande bartre i verneområda. Rapporten skal danne grunnlag for vurdering i åra framover for uttak av framande artar i verneområdet, hovudsakleg norsk gran. Dette er eit prosjekt som vil verta vidareført i åra framover. I 2021 var planen å ta ut mindre bestandar i Bondhusdalen og Hattebergdalen landskapsvernområde, men dette vart ikkje prioritert med manglande personalressursar.

4. Tiltak og drift

Oversikt over tiltak 2021

Totalt var det søkt om 420 000 og det vart løyvd 380 000 til tiltak. Det er ikkje heilt klart kor mykje midlar som vert igjen i år, då vi framleis ventar på fakturaer for dei siste tiltaka.

Namn på tiltaket	Verneområde	Tildelt	Brukt
Skilttavler på innfallsport Sommariskisenteret	Folgefonna nasjonalpark	100 000	83 570
Uttak av sitka i spreieing	Hattebergdalen landskapsvernområde	50 000	Ikkje gjennomført
Uttak av mindre granfelt	Bondhusdalen landskapsvernområde	100 000	Ikkje gjennomført
Undervisningsopplegg Folgefonnsenteret	Folgefonna nasjonalpark	0	Nytta driftsmidlar til å gjennomføre
Oppsetting av skilt	Folgefonna nasjonalpark	30 000	Ventar på at kart og brosjyre skal ferdigstillast
Ferdselsteljarar	Folgefonna nasjonalpark + LVO	3 stk	
Tiltak som dukka opp i.l.a. 2021			
Vøling av Isvegen til Bondhusvatnet	Bondhusdalen LVO	100 000	Utbetalt 127 400
Oppsetting av bru ved Buerbreen	Folgefonna nasjonalpark	100 000	Utbetalt 100 000
Rydding av gran i Håedal	Folgefonna nasjonalpark	?	Utsett til 2022
Oppsetting av skilt	Folgefonna	50 000	Utbetalt til Folgefonnsenteret
SUM		380 000	

Det har vore redusert bemanning i forvaltarstillinga heile året og difor har det vore vanskeleg å få gjennomført tiltaka som var planlagde. Det har ikkje vorte arbeidd med revidering av forvaltningsplanen og Statsforvaltaren har bedt Miljødirektoratet om å få overføre midlane som vart igjen til 2022 til same formål.

Det har dukka opp andre prosjekt langs vegen som ikkje vart søkt om midlar til. Det eine gjaldt opprusting av vegen til Bondhusvatnet.

Oversikt over alle tiltak				Utbetalt
Navn	Søkt om	Innvilget beløp	Status	
Drift av Folgefonna nasjonalparkstyre	130 000	130 000	Innvilget	23 496
Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark	300 000	200 000	Delvis innvilget	100 000 til FFS
Skjøtselsplan for haustingsskog	100 000	100 000	Innvilget	51 080
Kartlegging av innfallsportar	30 000	-	Avslag	
Kulturminnekartlegging	150 000	-	Avslag	
Planlegge infosti	100 000	-	Avslag	
Overføre nettsider				4700
	810 000	430 000		

Utgifter til å drifte styret er også vesentleg mindre i år då berre to styremedlemmer søker om godtgjersle og det har vore meir bruk av digitale møte. Vi har overført 100 000 til Folgefonnssenteret til å nytte i forvaltningsplanarbeidet i 2022.

5. Nasjonalparkforvaltar

Forvaltar har i heile 2021 jobba i 60 % stilling. Statsforvaltaren i Vestland som har arbeidsgjevaransvar for forvaltar har heile denne perioden jobba med å få på plass nokon til å avløyse og fyller stillinga til styret, utan å ha lukkast med dette. Det har difor vore vanskeleg å få løyst alle oppgåvene som var planlagt for året 2021.

Kurs, seminar og konferansar som forvaltaren har delteke på i 2021:

- Nasjonalparkwebinar, arrangert av Miljødirektoratet 1 dag
- Web-konferanse om naturrestaurering, arrangert av Norsk institutt for naturforskning – 2 dagar
- Vertskapsrolla i nasjonalparkkommunar, arrangert av Ullensvang kommune - 1 dag

Synfaringar i verneområda

- 11.02.2021: Synfaring for å skaffe grunnlag for skjøtselsplan for styva almer i Garshammarlia
- 30.04.2021: Synfaring av toppurdestinasjon Omnatind
- 20.05.2021: Synfaring Tveitnessetra og Furebergsdalen med SNO og naturvegleiar
- 01.07.2021: Omnen og Melderskin
- 04.08.2021: Breføring på Juklavassbreen med breførarlaget, forvaltar og naturvegleiar

- 23.08.2021: Bondhusdalen med Miljødirektoratet og grunneigarrepresentantar
- 26.08.2021: Bjørndalen og Andersfjell i Hattebergsdalen landskapsvernområde
- 02.11.2021: Bondhusdalen. Tok ned teljarar og dokumenterte nyoppført sel på Fønderdalsstølen
- 12.11 og 22.11.2021: Synfaringar med kommune, grunneigarar og entreprenør før oppstart av arbeid på turvegen rundt Hattebergfossen.



Figur 2: Toppturtraseen til Omnatind (t.v.) er mykje brukt og var godt opptrakka. Det er også nokre som har stått på ski ned frå Melderskin til høgre i biletet. 30.04.2021



Figur 3: Utsyn over ein grøn Hardangerfjord frå Furebergdalen 20.05.2021



Figur 4: Synfaring på traseen til tursti rundt Hattebergfossen før oppstart. 22.11.2021